

Næringspolitisk
Postboks 9354 Grønland
0135 OSLO
Norge

Vår saksbehandler
Lars Peter Taule

Vår dato
01.12.2022
Deres dato

Vår referanse
22/00657-25
Deres referanse

Høyringsvar frå Vestland Bondelag på Norges Bondelag si interne høyring av NOU 2022:14. Inntektsmåling i jordbruket.

Viktigaste oppsummering frå Vestland Bondelag:

- *Norsk landbruk er, og skal være ei politisk næring.*
- *Modifisert Totalkalkyle må nyttast allereie i jordbruksforhandlingane 2023.*
- *Hybridmodellen bør utviklast vidare med mål om lågare effektivitetskrav.*
- *Bruk/distrikt som har lågast inntekt i dag, må bli betre ivaretatt. Løftast mest.*
- *Vestland Bondelag meiner det er rett å nytte vederlag til arbeid og eigenkapital som resultatmål. Ein bør ikkje skilje mellom vederlag til arbeid og eigenkapital.*

Fylkeslaget sin prosess for handtering:

Vestland Bondelag sendte 28.10.2022 invitasjon til alle våre lokallag om å gje høyringsinnspel til Norges Bondelag si interne høyring om «Inntektsmåling i jordbruket» /NOU 2022:14.»

Svarfrist for lokallaga var sett til 27. november.

I invitasjonen vart medlemmer og lokallaga oppfordra til å orientere seg om NOUèn, og det vart vist til NB sitt Webinar om temaet på *MIN SIDE*.

- Fylkestyret hadde førstegongs diskusjon i styremøte 16. november.
- Andre gangs diskusjon i styremøtet 23. november.
- Det var orientering/diskusjon om rapporten i leiarmøte 25. november.
- Fylkestyret hadde eige styrehandsaming 29. november på teams. Det er mottatt innspel frå 13 lokallag. Uttalen vart slutført av AU 1. desember.

Innleiing:

Vestland Bondelag vil nytte høve å gi ros til Norges Bondelag for god handtering av denne høyringsrunden. Tema «Inntektsmåling i jordbruket» er særst viktig, men komplekst og teoretisk. Det kan ikkje forventast at verken medlemmar, tillitsvalte eller tilsette har grunnlag for å diskutere NOUèn og så kome fram til eit korrekt tal som svarar ut det store spørsmålet; *Kva tener den norske bonden og korleis dokumentere det.*

Norges Bondelag sine notat, presentasjonar og tilbod om webinar for alle medlemmar, har senka terskelen for kunnskapsbygging monaleg. Tilgang til fagleg ekspertise har òg vært imponerande, både fagleg og politisk. Dette har gitt ein god demokratisk prosess for våre medlemmer som organisasjonen kan stå støtt i når ein møter staten både om framtidig talgrunnlag for forhandlingar og konkret «opptrappingsplan».

Viktige moment som Vestland Bondelag vil spele inn:

Norsk landbruk er ei politisk næring. Det er Stortinget som har ansvar for å sette mål for den langsiktige landbrukspolitikken og legge til rette for at måla kan bli nådd gjennom årlege jordbruksforhandlingar. Men målsettingane (delmåla) kan stundom være i innbyrdes konkurranse, slik at ein må evne å føre ulik politikk ut frå til dømes lokale- og regionale tilhøve. Nasjonen treng derfor ein samordna, men bredt samansett politikk. Med dei utfordringane verda, landet vårt og næringa står i, er det tydeleg at vi treng meir politikk – ikkje mindre.

Bruk av økonomiske verkemiddel er eit viktig styringsverktøy også i landbrukspolitikken. Bonden si inntekt er i utgangspunktet enten frå marknaden eller offentlege tilskot. Det er derfor vesentleg for den einskilde verksemd å ha ei inntekt som er tilstrekkeleg høg til å dekke alle kostnader og sikre at overskotet gjev rimeleg kompensasjon for arbeidet. *Det er derfor viktig å merke seg rapporten sitt eige utsegn. Bonden sin jordbruksinntekt pr time er lågare enn i resten av samfunnet, og at driftsresultatet i gjennomsnitt ikkje gir marknads messig avkastning til både arbeidsinnsatsen og kapitalen. Det er eit viktig politisk budskap som ikkje må forsvinne i ulike tekniske berekningar.*

Bondelaget har til føremål å trygge landbruket og ivareta bygdene sine økonomiske, sosiale og kulturelle interesser. Dei årlege jordbruksforhandlingane er heilt essensielle for å kunne oppnå tilstrekkeleg påverknad. Her møter faglaga staten og går gjennom måloppnåinga med gjeldande landbrukspolitikk og forhandlar om korrigering/supplering av tiltak. Det er derfor avgjerande viktig at grunnlagsmaterialet for forhandlingane har fagleg og politisk truverd. Det må ikkje oppstå tvil om at norsk landbruk og norske forbrukarar er best tent med politiske framforhandla løysingar som kan ettersporast og som vil gi ønska utvikling over tid.

Vestland Bondelag meiner at berekningane for jordbruket i størst mogeleg grad skal vere etter økonomiske metodar som er vanleg elles i næringslivet. Vi ser at det kan være freistande å skilje vederlag til arbeid og kapital, men merker oss at utvalet ikkje kan sjå fagleg forsvarlege måtar å gjere dette på. Vi meiner utvalet argumenter god for sitt syn.

Det er først og fremst den lånte kapitalen som har auka dei siste 20 åra, medan eigenkapitalen har vore relativt stabil. Landbruket har blitt meir kapitalkrevjande og det er løyst med lån. Endring i rente blir delvis kompensert i jordbruksforhandlingane.

Eigenkapitalen til næringa, slik den kjem til uttrykk i totalalkylen er det eigentleg ikkje rekna skikkeleg på. Gryttenutvalet har reknar på kapitalen i næringa og kjem til eit lågare tall. Vi meiner at vi pr i dag ikkje har ein god metode for å måle eigenkapitalen i næringa.

Tal bønder har gått kraftig ned i mange 10 år, medan vi har greidd å halde matproduksjonen oppe. Bonden har «effektivisert» gjennom investeringar i betre og meir effektivt utstyr. Ein har brukt både eigenkapital og lånt kapital for å få dette til. Større del av inntekta blir brukt til å re-investere i garden, medan Staten har reist med effektiviseringsgevinsten (målt som

reduisert arbeidsforbruk). Dette har bidrege til ei svakare inntektsutvikling, enn om næringa sjølv hadde fått behalde effektiviseringsgevinsten. Når vi skal måle på nivå i staden for utvikling, må ein syte for at det ikkje blir noko «effektiviseringsgevinst» som staten kan stikke av med.

Det er lett å forstå at mange kjenner på ein avmaktsfølelse kring dei store investeringane knytt til bygg, maskiner, utstyr samtidig som inntekta er låg. For mange vil det vere logisk at ein får skilt resultatmålet slik at ein får avkastning på kapitalen.

Vestland Bondelag frykter at eit sterkt fokus på kapitalavkastning vil rokke ved moglegheitene for å tilpasse landbrukspolitikken til beste for norske forhold. Vi frykter at kostnadsføring av stipulert avkastning på eigenkapital vil gi insentiv som på sikt fremmer større bruk med større eigenkapitalkonsentrasjon. Med andre ord er dette til *ulempe for mindre bruk og/eller* bønder som investerer med lånt kapital.

Dei kapitalintensive bruka, som gjerne er dei største bruka lokalisert i dei beste jordbruksdistrikta, vil få enno meir merksemd. Dette kan vi vanskeleg sjå at er i samsvar med målsettinga om eit meir berekraftig landbruk i heile landet. Det må ikkje skapast tvil om at norsk landbruk som ei politisk næring med eit mangfald av samfunnsoppdrag, må ha særskilte vilkår i botn. (Odelslov, konsesjonslov, tollvern, priskontroll, marknadsregulering, produksjonstilskott, osv...).

Modifisert Totalkalkyle

I Vestland Bondelag er det stor einigheit om å gå vidare med ein *modifisert Totalkalkyle* der det vert tatt omsyn til jordleige, kvoteleige og innleigd arbeidskraft.

Det er viktig å kommunisere at alle bruk er med i totalkalkylen.

Fylkesstyret ønsker at *modifisert Totalkalkyle* vert nytta allereie for jordbruksforhandlingane i 2023.

Normering og effektivisering.

Utvalet tek utgangspunkt i at:

- Det må vere ei form for normering av effektivitet.
- Eit inntektsmål må være knytt til bønder som utnyttar inntektsmoglegheitene.
- Mange bønder har ikkje profittmaksimering frå gardsdrifta som mål.

Inntektsmålet inneber at man skal samanlikne inntektsnivået for bønder med lønsmottakar. Spørsmålet er om det er mogleg å foreta ei slik samanlikning utan å stille krav til effektivitet i form av normering?

Vestland Bondelag trur det er fornuftig at ein presiserer nærare kva som ligg i omgrepa normering og effektivisering. Vi forstår normering som eit mål/verkemiddel for å kunne stille rimelege krav for rasjonell drift. Det er likevel grunn til å peike på at det er «dei økonomisk rasjonelle» bruka ein identifiserer. Ein definerer med dette effektivitet som økonomisk resultat. Effektivitet kan i utgangspunktet vere so mangt, men her er det berre økonomi det handlar om. Ein løftar fram dei økonomisk rasjonelle bruka, ikkje nødvendigvis dei flinkaste bøndene i forhold til økonomi og praktisk drift.

Vestland har relativt mange sauebruk som med låge krav til kapital, eller arbeidsintensive bruk (frukt/bær) også «utan» store kapitalkrav. Innan storfehaldet er vi i ein periode med store kapitalkrav for å ta næringa over i lausdriftsbygg, og konsekvensane med store avkastningskrav kan bli fatale.

I Vestland vil det være stor skilnad på kor mykje tid som går med til å stelle ulikt areal, eller produsere same volum mjølk. Dette er i utgangspunktet avhengig av dei naturgitte tilhøva produksjonsgrunnlaget med jordveg, topografi, arrondering, klimatiske tilhøve osv. Men sjølvst ser vi òg at bonden sin kunnskap og dyktigheit gir ulikt utkomme. Vi meiner det er rett at ein skal få betalt for innsats og dyktigheit, og at det derfor må være ein form for normering. Ein kan ikkje forvente lik løn uavhengig av kva innsats og kunnskap ein legg ned. Tidlegare gav modellbruka ein slik peikepinn, men å gjeninnføre modellbruka er uaktuelt. (For stort byråkrati).

Inntektsutvalet sitt forslag:

- Bruke ein hybridmodell for å samanlikne inntektsnivået for næringa med lønsmottakar.
- Forutset at den modifiserte totalalkylen viser gjennomsnittleg inntekt når alle føretak er tatt med.
- Bruker variasjon i skattedata for å berekne kor stor prosentvis «beste del» ligg over «alle»
- Inntektsnivået for bønder som skal samanliknast med lønsmottakar vert sett ved å «løfte» totalalkyla med same prosent – ein justeringsfaktor.

Vestland Bondelag meiner det ikkje er rett å ha eit så strengt effektivitetsmål/krav som det blir med modellen til Grytten. Eit slikt krav vert opplevd som pisk for å springe fortare eller slå større areal på same tid som i dag. I industrien kan slike effektivitetsmål kanskje vere motiverande og gi betre lønsemd. Men landbruket er ei biologisk stadbunden næring, der bonden må forvalte dei ressursane som er utdelt frå «Vår Herre». Vestland fylke er vist stor rausheit, men rasjonelt og effektivt jordbruksland for det 20-århundre, er det mindre av.

Dersom ein skal finne ei form for samanlikning mellom bruk, der «normalbruka» kan samanliknast mot dei beste bør dette forklarast betre enn det hybridmodellen gjer pr. i dag.

Vestland Bondelag trur ikkje at ei utviding av tal referansebruk vil gi betre tilnærming for normering. Mykje talar for at det er dei mest økonomisk effektive bruka som er i fleirtal som referansebruk. Likevel kan dette vere ein farbar veg.

Vestland Bondelag vil også peike på følgjande :

- Tabell 5.6 i NOU-rapporten viser bruttoinntekt frå jordbruket hos dei som hentar henholdsvis 50-89% og over 90% av inntekta si av næringsinntekta si frå jordbruket. Vestland ligg i botnen av begge og over 100 000 under heile landet i begge samanlikningane. Kva vert konsekvensen av dette ved normering ? Gjennkjenningsseffektar ? Har Vestland «tapt» i jordbrukspolitikken ?

Tabell 5.6 Gjennomsnittlig næringsinntekt fra jordbruket, gruppert etter andel av bruttoinntekten. Tall per gårdbruker, 2020

	Næringsinntekt fra jordbruket, kr	
	50–89 % av bruttoinntekt	>90 % av bruttoinntekt
Hele landet	540 236	661 101
<i>Fylker</i>		
Innlandet	528 837	673 178
Oslo og Viken	687 663	776 709
Vestfold og Telemark	648 121	888 420
Agder	514 738	626 128
Rogaland	565 831	677 133
Vestland	433 173	525 747
Møre og Romsdal	498 113	605 089
Trøndelag	503 383	656 823
Nordland	480 937	658 146
Troms og Finnmark	481 956	598 504
<i>Driftsform</i>		
Korn og oljevekster m.m.	638 250	824 393
Øvrige jordbruksvekster	695 193	902 838
Hagebruksvekster	922 355	1 151 490
Storfe, melkeproduksjon	477 994	579 117
Storfe, kjøttproduksjon	451 134	587 784
Kjøttproduksjon i kombinasjon	530 713	635 791
Sau	352 076	402 770
Øvrige grovfôrdyr	439 724	537 107
Svin og fjørfe	680 776	926 413
Blandet planteproduksjon	716 013	970 003
Blandet husdyrhold	673 730	789 800
Planteproduksjon og husdyrhold i kombinasjon	642 279	898 368

Kilde: SSB

- Tabell 9.1 i rapporten viser produksjonar med ulike variasjonar mellom dei ulike samanlikningsgruppene. Vi meiner dette syner argument for svakare normering. Det ser i tillegg ut til at «normeringa» slår spesielt hardt ut for mjølkeproduksjonen.

Tabell 9.1 Inntekter og inntektsvariasjon i 2020: Årsresultat før skatt, kroner per årsverk.¹

	Foretak	Årsverk	Inntekt per årsverk (kroner)					Forholdstall, median =100 %			
			Median	Beste 2/3	Beste 1/2	Beste 1/3	Beste 1/5	Beste 2/3	Beste 1/2	Beste 1/3	Beste 1/5
<i>Alle</i>	38 378	29 516									
<i>Melkeproduksjon</i>											
< 16 kyr	1 519	1 929	248 700	319 800	360 900	421 400	506 300	129 %	145 %	169 %	204 %
16–25 kyr	1 968	2 822	297 300	379 400	433 400	494 300	593 100	128 %	146 %	166 %	199 %
26–40 kyr	1 397	2 149	290 900	381 400	437 800	516 600	628 100	131 %	150 %	178 %	216 %
> 40 kyr	1 791	3 100	312 800	421 600	498 000	598 900	731 600	135 %	159 %	191 %	234 %
<i>Sau</i>											
< 76 v.f. sauer ²	6 235	3 136	-19 400	45 300	93 200	167 200	283 900				
76–150 v.f. sauer	2 090	1 716	113 400	194 900	263 000	338 700	451 900	172 %	232 %	299 %	399 %
> 150 v.f. sauer	908	1 052	194 700	295 900	355 900	438 100	574 500	152 %	183 %	225 %	295 %
<i>Korn- og oljevekster</i>											
≤ 400 daa ²	5 065	1 272	155 400	439 500	628 300	953 500	1 484 300	283 %	404 %	614 %	955 %
> 400 daa	1 213	719	463 100	771 800	981 500	1 281 300	1 741 700	167 %	212 %	277 %	376 %
<i>Gris</i>											
≤ 50 purker	585	519	251 700	451 000	556 600	714 000	985 800	179 %	221 %	284 %	392 %
> 50 purker	376	547	465 200	632 800	773 500	1 013 900	1 322 000	136 %	166 %	218 %	284 %
<i>Egg</i>											
≤ 7500 høner	366	351	337 000	528 900	681 700	937 500	1 153 900	157 %	202 %	278 %	342 %
> 7500 høner	49	50	449 300	804 500	1 221 000	1 628 100	3 387 500	179 %	272 %	362 %	754 %
<i>Storfe/kjøttproduksjon</i>											
≤ 30 kyr ²	3 564	2 807	63 200	169 500	250 800	369 500	525 300	268 %	397 %	585 %	831 %
> 30 kyr	781	972	222 500	346 600	416 800	522 200	642 800	156 %	187 %	235 %	289 %

Tabell 9.1 Inntekter og inntektsvariasjon i 2020: Årsresultat før skatt, kroner per årsverk.¹

	Foretak	Årsverk	Inntekt per årsverk (kroner)					Forholdstall, median =100 %			
			Median	Beste 2/3	Beste 1/2	Beste 1/3	Beste 1/5	Beste 2/3	Beste 1/2	Beste 1/3	Beste 1/5
<i>Hagebruksvekster</i>											
< 0,5 mill. kr SO ²	627	337	107 200	257 100	385 900	531 600	826 200	240 %	360 %	496 %	771 %
0,5–3 mill. kr SO	473	434	450 500	685 600	854 300	1 127 400	1 570 300	152 %	190 %	250 %	349 %
> 3 mill. kr SO	276	360	956 300	1 410 900	1 928 800	2 434 600	3 674 500	148 %	202 %	255 %	384 %
<i>Andre produksjoner</i>											
< 0,5 mill. kr SO ²	6 748	2 574	-51 500	127 800	271 000	523 200	943 700				
0,5–3 mill. kr SO	1 698	1 767	345 500	529 400	645 100	854 000	1 160 400	153 %	187 %	247 %	336 %
> 3 mill. kr SO	649	900	562 800	820 800	976 700	1 230 200	1 581 400	146 %	174 %	219 %	281 %
<i>Veid gjennomsnitt</i>			212 200	346 600	442 500	584 900	805 400	163 %	209 %	276 %	380 %
<i>Veid justert gjennomsnitt²</i>			311 800	445 500	538 300	668 500	867 100	143 %	173 %	214 %	278 %

¹ Skattemeldingsdata hvor anslag på rentekostnader per gruppe er trukket fra, koblet med arbeidsforbruksdata fra SSBs landbruksundersøkelse 2020.

² Medianen i gruppa=100. «I «vektet justert gjennomsnitt» er linjer med markert med notemarkering 2 ikke inkludert.

Kilde: Beregninger utført av SSB for utvalget.

- Det vi ser er at områda som er «lettdrivne» betre handterer eit effektivitetskrav og soleis kjenner seg betre igjen i inntektsnivået, medan distrikta misser meir og meir motet fordi nivået ligg høgare enn kva dei kan innfri.
- Vi meiner det er mogleg å nytte same modell, men som gir eit lågare effektivitetskrav enn Grytten sine modellar.

Vestland Bondelag meiner det er viktig at landbruket vert meir berekraftig. Det gjer at mangfald må verdsettast høgare. Ein bør hjelpe fram bruk med ulike produksjonar, driftsopplegg og struktur, slik at dei får tilstrekkeleg økonomisk driftsgrunnlag. Sjølv om desse bruka ikkje nødvendigvis kan få fram like store volum salsvare med lik arbeidsinnsats, kan drifta være minst like rasjonell og kunnskapsbasert som på eit av dei «økonomisk effektive» bruka. Verdien for samfunnet med biologisk mangfald, busetnad, beredskap, forvaltning av utmarksressursar, stell av jord- og kulturlandskap osb. er undervurdert i alle normeringsmodellar.

Svar spørsmål stilt i Norges Bondelag sitt høyringsnotat:

Spørsmål 1)

Utvalget har tenkt seg en «beste resultat» modell for normering, basert på faktiske regnskapsresultat. Siden inntektsmålet innebærer at man skal sammenligne inntektsnivået for bønder med lønsmottakere, mener du det er mulig å gjøre en slik sammenligning uten å stille krav til effektivitet i form av en normering? Hvorfor? Hvorfor ikke?

Styret i Vestland Bondelag meiner at det er rett med ei viss normering. Fylkestyret er samstundes uroleg for at distrikt og bruk med ulikt utfordrande drift i høve til dei rasjonelle driftsområda, blir skadelidande eller kan kome inn under omgrep som «lite effektive». Landbruket skal levere på fleire områder enn matproduksjon for å skape inntekt til bonden. Fellesgode til storsamfunnet, slik som kulturlandskap, rein mat, låg bruk av medisinar og

plantevernmiddele, god dyrevelferd ein del av samfunnsoppdraget. Dette med fleire oppdrag må verdsettast, eller skapast rom for i vurderingane.

Vestland Bondelag meiner også at vi må ta omsyn til at Stortinget ved fleire høve ikkje har «godteke» årsverksinntekta som kjem ut frå totalalkylen, nettopp av den grunn at inntekta ikkje er normert. Vi meiner difor at diskusjonen kjem til å handle om kor sterk normeringa skal vere. Med dette som bakgrunn er vi for ei viss normering, men meiner at Grytten gjennom Hybridmodellen legg opp til ei for sterk normering/effektiviseringskrav.

Vi vil også opplyse om at eit klart fleirtal av dei lokallaga som har svart skrifteleg på høyringa IKKJE ynskjer normering eller effektivitetskrav.

Bøndene er sjølvstendige næringsdrivane, og det er på dette grunnlaget bøndene sitt inntektsmål bør vurderast. Vi er merksam på at gruppa «sjølvstendig næringsdrivane» er ei gruppe det er svært vanskeleg å samanlikne seg med.

Spørsmål 2)

Hvilke synspunkter har dere til alternativene til hybridmodellen listet opp i de 5 punktene over? Er noen av disse mer aktuelle å gå videre med enn andre?

- 1) *Modellbruk med effektivitetsnormer.*
- 2) *Ikke foreta normering av effektivitet, men i stedet beregne inntektsnivået for de som lever av jordbruket, dvs. henter en vesentlig andel av inntekta fra jordbruket (f.eks. mer enn 75%, trolig 7-8000 gårdsbruk) basert på skattedata. Da kan man forutsette at dette er rasjonelt drevne bruk, som profittmaksimerer og driver effektivt. Normeringen av effektivitet for næringa blir da å være like effektiv som de som har jordbruk som hovedinntektskilde. Man legger dette inntektsnivået til grunn som sammenligning med andre grupper. Man kan bruke utviklingen i totalalkylen til å regne fram inntektsnivået de årene SSB ikke utfører arbeidsforbrukstillinger.*
- 3) *Ikke normere noen form for effektivitet når inntektsnivået for bønder skal beregnes. Da kan man bruke inntektsnivået for modifisert totalalkyle uendret, evt. inntektsnivået som skattedataene viser, framregnet med inntektsutviklingen for totalalkylen.*
- 4) *Sette ned et nytt utvalg og be de utrede et annet system enn hybridmodellen.*
- 5) *Gi opp arbeidet med å finne et grunnlagsmateriale som kan brukes for å sammenligne bønders inntekt med lønsmottaker. Gå tilbake til kun å måle på inntektsutvikling, og sette et inntektsmål tilsvarende de vi hadde fra 1993 til 2017, evt. spesifisert at inntektsutviklingen for bønder skal være enten kronemessig- eller prosentvis lik som lønsmottakeren.*

Vestland meiner ingen av forslaga er aktuelle, men styret i Vestland Bondelag vil ikkje avvise ein modell med utvida tal bruk i driftsgranskingane som grunnlag for å kunne finne inntektsnivået i jordbruket. Det vil då vere avgjerande at mange bruk er med og svarar, og at

ein fangar opp mangfaldet av bruksstørrelsar og geografi. Det kan vere aktuelt å sjå vidare på den moglegheita.

Vi vil også peike på moglegheita for å lage ei rekneskapslov som fastset korleis gardsrekneskap skal settast opp. Då vil ein lettare kunne hente ut eit evt. samanliknbare rekneskapstal. Grytten tok til orde for dette i vårt leiarmøte.

Det er lett å snakke ned hybridmodellen fordi vi ser kva utslag den gir, det er svært vanskeleg å ha noko formeining om korleis andre metodar og modellar slår ut før vi har betre berekningsgrunnlag (statestikk køyring).

Spørsmål 3)

Et samlet utvalg av fagpersoner anbefaler å bruke hybridmodellen for å sammenligne inntektsnivået for bønder med lønsmottaker. Bør Norges Bondelag gå inn for å bruke denne?

Hvis «Ja», hvorfor?

Hvis «Nei», hva er alternativet?

Forklar gjerne hvordan dere kommer fram til konklusjonen.

Styret i Vestland Bondelag meiner at for å finne inntektsnivået i jordbruket so KAN hybridmodellen brukast. Vi vil peike på at det er store svakheiter ved talgrunnlaget, og om alle skatteinntektene faktisk kjem frå jordbruket. Her må det gjerast ein jobb for å kvalitetssjekke talla.

Ved å i enno større grad avgrense tal bruk som blir nytta i «beste resultat» modellen so vil ein få ei meir homogen gruppe. Dette kan til dømes gjerast gjennom å kutte beste femtedel og svakaste femtedel. Når vi fekk Norges Bondelag til å gjere eit «forsøk» med utgangspunkt i ein slik modell vart normeringa / effektivitetskravet 20,6 % hos beste 2/3 deler i staden for i Grytten sin modell 43%. (Sjå tekstboks 1 lenger ned).

Dette viser også svakheita i Hybridmodellen, normeringa er avhengig av kva tall ein puttar inn. Det er ikkje meir rett eller meir feil å kutte beste/svakaste femtedel, men svara ein hentar ut blir heilt annleis. Kor sterk normering det skal leggest opp til blir difor eit reint politisk spørsmål, og vårt klare krav er at normeringa ikkje må vere for sterk. Ei for sterk normering vil vere svært utfordrande for Vestlandsbonden. Vestlandsbonden ligg allereie 100 000 kroner bak landet (tab. 5.6 i NOU 2022:14) i inntekt både hos dei som hentar 50-89% og hos dei som hentar over 90% av inntekta si frå jordbruket. Eit for sterkt «effektivitetskrav» på årsverksinntekta ein finn i totalalkylen, som seier noko om inntektsnivået i jordbruket, vil føre til at få Vestlands bønder kjenner seg igjen i talla ein operer med når det gjeld inntekt. Truleg vil det same gjelde for store deler av «distriktsjordbruket». Ein vil då igjen risikere at mange mister tillit til talgrunnlag og til jordbruksforhandlingane.

Slik vi forstår Hybridmodellen so vil den kunne nyttast til ulike produksjonar. Då gjennom at normeringa er ulik i dei ulike produksjonane. So kan ein nytte den ulike normeringa til å rekne ut inntektsnivået. Vi saknar likevel ein modell som på ein betre måte kan finne inntektsnivået for ulike produksjonar, i ulike deler av landet og på alle bruksstørrelsar. Stortingsfleirtalet har peika på at inntektsgapet skal tettast for alle produksjonar, i alle bruksstørrelsar og i alle deler av landet.

Tekstboks 1

Her kan du se effekten regnet på driftsgranskingene 2017 for 933 bruk (dette er alle typer produksjoner, og ikke splittet opp i grupper som Grytten gjør, men får fram effekten når du regner på et materiale med mange bruk).

Median	306759
Median beste 2/3	420202
Effektivitets faktor	1,370
Median dårligste 4/5	231046
Median beste 2/3 av disse	328262
Effektivitets faktor	1,421

Når jeg regner på alle brukene på resultatmålet Vederlag til arbeid og egenkapital pr årsverk utført av bruker og partner, altså samme resultatmål som Grytten bruker, får jeg en median på 306.759 kr/årsverk for alle de 933 brukene. Eks så har beste 2/3 en median på 420.202 kr/årsverk. Medianen for disse ligger altså 37 % over medianen for alle.

Dersom jeg trekker fra de 1/5 beste, faller medianen til 231.046. De 2/3 beste av denne gruppa får en median på 328.262. Denne medianen ligger altså 42 % høyere. Forskjellen målt i kroner mellom disse to medianene er knappe 100.000 kr/årsverk. Mens når en så på alle brukene var forskjellen målt i kroner større, dvs 114.000 kr/årsverk. Likevel blir faktoren høyere der den absolutte kroneforskjellen er mindre, fordi en regner prosenten på et lavere utgangspunkt (regner med utgangspunkt i 231.046 i stedet for 306.759).

Jeg har også lagd et regnestykke der jeg har kuttet ut de 1/5 med svakest resultat, og ikke kuttet ut de 1/5 beste. Da får jeg:

Median kuttet 1/5 i bunn	370470
Median beste 2/3 av disse	517677
Effektivitets faktor	1,397

Inntektsnivået stiger. Men effektivitetsfaktoren er om lag som for de andre. Beregnet til 39,7 %. Til slutt har jeg kuttet ut både de 1/5 svakeste og 1/5 beste. Det gir følgende medianer og effektivitetsfaktor.

Median kuttet 1/5 og bunn og topp	307260
Median beste 2/3 av disse	370412
Effektivitets faktor	1,206

Dette er et mer homogent materiale. Jeg regner da på totalt 560 bruk ($933 \cdot 3/5$). Medianen er om lag som når en regner på alle de 933 brukene, men medianen for beste 2/3 faller betraktelig og ligger på 370.000 kr/årsverk. Denne medianen ligger altså litt over 20 % over, og effektivitetsfaktoren blir 20,6%. Faktoren er altså nesten 17 prosentpoeng lavere enn regnet på alle brukene.

Spørsmål 4)

Norges Bondelag har tidligere sagt at et nytt grunnlagsmateriale må stå seg over tid, med ulike politiske regimer. Hvor viktig er det med bred politisk forankring for et inntektsmål, og i hvilken grad vil normering av effektivitet påvirke muligheten for bred politisk oppslutning om selve inntektsmålet?

Det er avgjerande viktig at grunnlaget for det økonomiske i Jordbruksforhandlingane har ei brei politisk forankring, samstundes som det er akseptert i størstedelen av bondestanden. Risikoen om ikkje: Stor fare om omkamp dersom/når det blir regjeringskifte.

Det må vere eit mål å få til ei god politisk forankring av inntektsmålet, men eit «rett» grunnlagsmateriale er viktig.

Det vil vere eit urealistisk mål for Bondelaget å få ei brei politisk oppslutning om grunnlagsmaterialet dersom det ikkje ligg inne sannsynleggjing av at det er bønder med jordbruket som viktigaste inntektskjelde, og at det er eit grunnleggande mål å få eit godt økonomisk resultat av jordbruksdrifta.

Å oppretthalde politisk velvilje for norsk matproduksjon er avgjerande.

Spørsmål 5)

Hvilke synspunkter har dere på avkastningskrav til egenkapitalen?

Ola Grytten forklarer at risikoen med sterkt fokus på avkastning på egenkapitalen slik:

- *Kan gi insentiv som på sikt fremmer større bruk med større egenkapitalkonsentrasjoner*
- *Kan fort bli ulempe for småbønder, eller bønder som investerer med lånt kapital*
- *Jordbruket kan på sikt sitte igjen med primært store kapitalsterke aktører*
- *Dette er på kant med målsetting om et diversifisert og spredt jordbruk av ulike driftsstørrelser over hele landet*

Vestland Bondelag meiner det ikkje er rett å ha fokuset på «avkasting på egenkapitalen». Dette er ikkje eit verkemiddel som styrkar vestlandsjordbruket og heller ikkje norsk landbruk som heilheit. Fleire særordningar for jordbruksbedriftene er heller ikkje noko som er med å sikrar at grunnlagsmaterialet står seg over tid, med skiftande regjeringar.


Utviklinga av egenkapital i næringa har vore relativt stabilt dei siste 20 åra, medan gjelda har auka betydeleg. Ein del av bakgrunnen til svak økonomi i næringa er også at gjelda er aukande. Vi meiner difor at fokuset må vere på den aukande gjelda og korleis vi kan utvikle verkemiddel som bidreg til å halde gjeldsnivået nede i norsk jordbruk.

Samtidig er det eit poeng at bøndene greier å halde oppe matproduksjonen til tross for at vi blir færre bønder. Dette har vi greidd gjennom effektivisering og først og fremst gjennom meir og betre maskiner /utstyr men også gjennom meir «effektive» dyr. Samtidig har staten i jordbruksforhandlingane reist med «effektiviseringsgevinsten. Dette har bidrege til svakare økonomi i

næringa. Dersom det i framtidige forhandlingar blir lagt inn ein slik linje med «reduisert arbeidsforbruk» så MÅ næringa få behalde denne «gevinsten».

Vi legg ved ein oversikt frå Norges Bondelag har laga som viser utviklinga av gjeld og egenkapital.

Figuren under viser utvikling av volumet av egenkapital og lånt kapital siste 30 år (har tatt bokført kapital i totalkalkylen omregnet til faste priser med KPI for å få et uttrykk for volumet)



Spørsmål 6)

Flertallet i utvalget mener det ikke er faglig forsvarlig å skille på vederlag til arbeid og vederlag til egenkapital. Dette drøftes inngående i kapittel 7. Gir drøftingen utvalget gjør i rapporten grunnlag for at Norges Bondelag skal gjøre en ny vurdering for å skille på vederlag til arbeid og vederlag til egenkapital i grunnlagsmaterialet?

Med den kunnskapen vi no har tileigna oss, meiner styret i Vestland Bondelag at Norges Bondelag må ta ei ny vurdering av vedtaket som årsmøtet gjorde i juni 2021. Vestland Bondelag torer å seie at ein har vore lokka ut i eit forhasta årsmøtevedtak der årsmøtet vart fanga av ei stemning. Årsmøtet gjorde noko som NOU 14:2022 har synt er uklokt for landbruket.

Vi vil peike på at dersom ein skil vederlag til arbeid og vederlag til kapital so vil ein i jordbruksforhandlingane også måtte forhalda seg til at dei produksjonar, dei områder og dei typar gardsbruk som har størst egenkapital også vil måtte prioriterast i fordelinga av «vederlag til kapital». På sikt vil dette klart favorisere enkelte produksjonar og områder, og vil på mange måtar arbeide mot det som er dei sterkaste «korta» i norsk landbruk; at vi er mange og at vi er spreidd over heile landet. Vi risikerer over lang tid at vi får tilbake store og kapitalsterke godseigarar og prioriterer ned den sjølveigande bonden som vi meiner er avgjerande for Norsk jordbruk. For Vestland vil dette vere svært negativt. Vi har svært mange små bruk og vi er relativt store på både sau og frukt/bær som er relativt lite kapitalkrevjande, men relativt arbeidskrevjande. Vi er difor tydelege på at eit skilje av vederlag til arbeid og kapital vil svekke inntekta til Vestlandsbonden i sterk grad. Truleg vil dette sette betydeleg fart i avskalinga på Vestlandet og elles i distrikta.

Vi vil også peike på kor viktig odelslov, priskontroll, og andre verkemiddel er for å sikre at kapitalen blir i næringa. Dette har gitt oss eit anna gjeldsnivå i Norsk landbruk enn kva tilfelle er i eksempelvis Danmark. Dersom vederlag til kapital blir skilt ut fryktar vi for at ein del vil argumentere for at det då ikkje lenger er behov for å halde kapitalen nede i næringa, i og med at den blir gitt ei eiga avkastning.

Til slutt MÅ vi også forhalda oss til politiske realitetar. Over tid har jordbruksoppgjæret vist oss at der ikkje er inntektsmogelegheiter stor nok til å gi både arbeid og kapital ei god nok avkastning. Det blir ikkje meir pengar i jordbruksoppgjæret ved at vi skil resultatmålet.

Spørsmål 7) Skal levekårsfaktorer inngå som en del av årsverkstallet?

Vestland Bondelag er samd med at det er svært vanskeleg å talfeste skilnader i levekår mellom bønder og arbeidstakarar. Vi meiner difor at levekårsfaktorar ikkje bør vere ein del av årsverkstallet.

Spørsmål 8)

Hvilke synspunkter har dere på hvilket timetall som skal brukes i ett årsverk i jordbruket? Forklar gjerne hvordan dere kommer fram til konklusjonen.

Fylkesstyret i Vestland Bondelag slit med å konkludere på eit eksakt timetal. Det må vere ein akkord som er mogleg å leve godt med. I dag kjenner nok mange bønder på at dei sprenger akkorden for kor mykje dei må jobbe for å få ei inntekt å leve av. Gjennomsnittleg timetal for andre grupper på kring 1700 timar kan vere eit rimeleg utgangspunkt. Vi meiner at det er eit viktig poeng at når vi no skal måle på nivå so må timetalet i eit årsverk vere på same nivå som dei vi skal samanlikne oss med.

Spørsmål 9)

Hvilken gruppe lønsmottakere bør gjennomsnittet av alle bønder, med et mangfold av produksjoner, sammenligne seg med? Begrunn svaret.

Vestland Bondelag ynskjer at det vert nytta ei samanlikning som peikar på gjennomsnittleg inntektsnivå for alle yrker. Omgrepet inntekt må nyttast og ikkje omgrepet løn.

Spørsmål 10)

Av områdene belyst i dette dokumentet, hva prioriterer dere høyest å få gjort endringer av:

- Hybridmodellen og forutsetningene knytta til beregning av bøndenes inntektsnivå sammenlignet med andre grupper i samfunnet?
- Splitte resultatmålet vederlag til arbeid og vederlag til egenkapital og synliggjøre avkastningskravet på egenkapitalen?
- Endre timetallet pr årsverk?
- Andre forhold? Spesifiser

Framlegget til modifisert totalalkyle er eit godt grunnlag som MÅ takast i bruk allereie til Jordbruksforhandlingane 2023. Uansett om deler av NOU 2022:14 må kvalitetssjekkast og reknast meir på, so må ein syte for at den modifiserte Totalalkylen blir vedteken raskt.

Vi har ingen ytterlegare kommentarar slik det vert spurt om i spørsmål 11.

Vi ynskjer styret i Norges Bondelag lukke til med vidare handsaming av innspela.

Med helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Anders Felde, fylkesleiar

Lars Peter Taule